


	<ul style="list-style-type: none"><li>- <i>Oppsøkande</i>: Kommunedirektøren (Rune), helse og omsorgssjefen (Svein) og Berit vil arbeide oppsøkande ut mot tilsette og informere om heiltidskultur, m.a. ved å delta på personalmøte. 29. mars deltok Rune og Svein på personalmøte i 3. etg. for Karve-, Otta-, Klokkar- og Kapteinstova ved Volda omsorgssenter. Dette er omtala i kommunedirektøren sitt informasjonsskriv til tilsette 31.mars.</li><li>- <i>Utlysingspraksis</i>: Her skal det setjast ned ei arbeidsgruppe, korleis rigge denne?</li><li>- <i>Permisjonspraksis</i>: Her skal det setjast ned ei arbeidsgruppe, korleis rigge denne?</li><li>- <i>Kombinasjonsstillingar</i>: Håvard og Reidun har begynt å sjå på dette. Håvard vart utfordra til å skrive ned korleis det har blitt jobba med og erfaringar med kombinasjonsstillingar på tvers i organisasjonen. Dette er nyttig å ha med som dokumentasjon til «banken med gode grep» i det vidare arbeidet.</li><li>- <i>Heiltidsøkonomi</i>: Interessant, vi må planlegge vidare. Sjå det i samanheng med andre leiarsamlingar/aktivitetar.</li><li>- Kommunedirektøren si leiargruppe skal diskutere prosjektet og politisk sak på leiarmøte 11. april.</li></ul>	Håvard
18/23	<p><b>Nina orienterte om aktivitetar sidan førre prosjektmøte</b></p> <p><b>Oppgåvekartlegging:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det har vore fleire møter mellom KS Konsulent, Nina og Ann-Sølvi, og interne møter mellom Nina og helse og omsorg v/Svein og Ann-Sølvi (leiar Institusjonsteneste). Tema: Planlegge samling oppgåvekartlegging</li><li>- Det vart vist til tilbud frå KS Konsulent med opplegg for gjennomføring av kompetanseløp i Volda kommune, datert 28.02.2023, der det står nærare informasjon om oppgåvekartlegging med mål om ny oppgåvedeling. Dette vart sendt medlemmane i etterkant av møtet.</li><li>- Det vart også vist til kap. 8 om oppgåvedeling i NOU 2023:4 <i>Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste</i>, som kan vere nyttig å sjå nærare på før samlingane om tema i Volda. Dette vart sendt medlemmane i etterkant av møtet.</li></ul> <p><b>Opplæring i Volda:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <u>Det vert gjennomført 4 opplæringsdagar fordelt på 2 samlingar:</u><ol style="list-style-type: none"><li>1) 22.-23. mai 2023</li><li>2) 6.-7. juni 2023</li></ol></li><li>- <u>Tid/Stad</u>: Volda samfunnshus, 1. etg. kl 08:30-15:00</li><li>- <u>Case</u>: Institusjonsteneste - Hornindal omsorgssenter</li><li>- <u>Deltakarar</u>:<ul style="list-style-type: none"><li>o STIM-gruppene i institusjonstenesta deltek alle 4 dagane</li><li>o 2 observatørar frå kvar avdeling i helse og omsorg deltek 22. mai og 6. juni (observatørar)</li><li>o Prosjektgruppa deltek 22. mai og 6. juni</li><li>o Prosjektgruppa <u>kan</u> delta alle 4 dagar om ønskeleg</li></ul></li><li>- <u>Program</u>: Sjå under.</li><li>- Det er ønskeleg med ein kalenderinvitasjon for kvar av dagane, som avdelingsleiar kan vidaresende til dei som skal delta.</li></ul>	Nina



19/23	<b>Framdriftsplan, møter i 2023</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- 05.01.23: Prosjektmøte/førebuing KICK-OFF mv.</li><li>- 09.02.23: KICK-OFF samling heile dagen</li><li>- 02.03.23: Prosjektmøte; etterarbeid KICK-OFF, vegen vidare mv.</li><li>- 11.04.23: Prosjektmøte; høyringssvar Heiltidserklæring mv.</li><li>- 11.05.23: Prosjektmøte; Førebuing oppgåvekartlegging mv.</li><li>- 22.-23.05.23: Oppgåvekartlegging samling 1</li><li>- 06.-07.06.23: Oppgåvekartlegging samling 2</li><li>- 13.06.23: Politisk sak i formannskapet</li><li>- 22.06.23: Politisk sak i kommunestyret</li><li>- Prosjektmøte i juni 23, sept. 23 -&gt; 1 møte/mnd.</li><li>- STIM-gruppene arbeidar vidare på sine avdelingar</li></ul>	Nina Berit
20/23	<b>Neste møte</b> <b>Torsdag 11.05.2023 kl 10:00-11:00</b> , Volda rådhus, Dalsfjorden 1.etg. Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen.	Nina

## Program for opplæring i oppgåvedeling – helse og omsorg

4 opplæringsdagar fordelt på 2 samlingar:

- Samling 1: 22.-23. mai
- Samling 2: 6.-7. juni 2023

Tidspunkt: 08:30-15:00

Stad: Volda samfunnshus, 1. etg.

	Aktivitet	Deltakarar	Utstyr
22. mai	<b>Fellessamling 1:</b> Teori og trening i case	STIM-gruppene i institusjonstenesta  2 observatørar frå kvar avdeling i helse og omsorg	Flipover Postit – raud, blå, grøn Svarte tusjar
23. mai	<b>Arbeidsøkt 1:</b> Design ev dagens praksis på eigen arbeidsplass Oppgåvekartlegging	STIM-gruppene i institusjonstenesta	Flipover Gråpapir 5 meter Postit – raud, blå, grøn Svarte tusjar
6. juni	<b>Fellessamling 2:</b> Deling av erfaringar frå eigen arbeidsplass – kva kan vi lære av kvarandre? Erfaringsdeling- kva oppgåver er det mogleg å løyse på tvers?	STIM-gruppene i institusjonstenesta  2 observatørar frå kvar avdeling i helse og omsorg	
7. juni	<b>Arbeidsøkt 2:</b> Redesign på eigen arbeidsplass – også med fokus på moglege fellesløysingar	STIM-gruppene i institusjonstenesta	Flipover Gråpapir 5 meter Postit – raud, blå, grøn Svarte tusjar